



IHM

info

Indre Hordaland Miljøverk Informerer - September 2005

Lever farleg avfall og EE-avfall til Ella Miljøbil!

Rundt omkring i Noreg køyrer Ella Miljøbil. Ella er ein stor semitrailer med innebygt klasserom og mottak for farleg avfall og EE (elektrisk og elektronisk -) avfall. Sidan Ella Miljøbil starta opp i 2003 har over 60 000 elevar vore innom Miljøbilen. I veke 41 og 42 kjem bilen til IHM-regionen og stoppar ved fleire av barneskulane.

Elevane får kome om bord i semitraileren og lære om farleg avfall og EE-avfall. Elevane vert oppfordra til å ta med seg slikt avfall heimifrå og levere til Ella. Ella Miljøbil vert ståande på skulen etter skuleslutt slik at privatkundar kan levere farleg avfall og EE-avfall gratis på kveldstid. Liste over skular der Ella stoppar og tidspunkt vert kunngjort i starten av oktober.

Farleg avfall inneheld farlege stoff som kan føre til alvorleg forureining eller vere skadeleg for menneske og dyr. EE-avfall er i utgangspunktet avfall som treng straum eller batteri, men det kan og vere lyspærer, lysrøyr, oppladbare batteri o.l. Desse produkta kan og innhalde miljøfarlege stoff.

Om lag 50 000 tonn farleg avfall forsvinn kvart år i Noreg. Mykje av dette hamnar i naturen eller på fyllingar. Farleg avfall og EE-avfall som vert levert til IHM sine miljøstasjonar og Ella Miljøbil, vert tatt hand om på ein forsvarleg måte.



Du kan lese meir om Ella Miljøbil på www.ellamiljobil.no

Døme på kva du kan levere til Ella:

Farleg avfall:

- Måling og tomme målingspann
- Lim
- Lakk
- Spillolje
- White spirit
- Termometer
- Sprayboksar
- Korrekturlakk
- Neglelakk
- Sølv puss

EE -avfall:

- Mobiltelefonar
- Radioar
- Kablar og leidningar
- Lysstoffrøyr
- Sparepærer og vanlege pærer
- Bilbatteri, oppladbare batteri, Knappcellebatteri
- Elektriske leiker
- Blinkande joggesko
- Barbermaskinar
- TV-spel
- Elektriske tannbørstar
- Trådlause telefonar
- Bøker med lydeffektar

Større einingar som komfyrar, kjøleskåp og vaskemaskinar har Ella Miljøbil diverre ikkje plass til. Dette kan leverast på ein av miljøstasjonane til IHM.

Oppdrag utført!

Maria Pile Svåsand (til venstre), Asbjørn Skeie (i bilen), Andreas Helle (til høgre) Arne Sandven (ikkje tilstades på bildet), er no ferdige med sommarjobben som Miljøpatrulje langs Turistveg Hardanger. Miljøpatruljen har sytt for at turistane har møtt ein rein og ryddig turistveg.

Dei har vaska toalett, tømt bosspann og rydda på rasteplassar rundt om.

Miljøpatruljen er eit samarbeid mellom Reisemål Hardanger Fjord AS, Vegvesenet og kommunane, medan IHM har ansvaret for organiseringa. 19. august var siste arbeidsdag for Miljøpatruljen. «Fellesferien har vore mest travel» seier dei fire. «Det har vore mykje å gjere, men det har vore ein triveleg sommarjobb» seier Maria, og dei andre er samde. «Vi har fått vore mykje ute og køyrt rundt i eit flott område.»



Foto: Gunnar Bråten

IHM takkar for innsatsen og ønskjer lukke til vidare med studiar og folkehøgskule. tilla@ihm.no

Adresse: Postboks 161, 5701 Voss
Kontor: Bjørkemoen 60, 5700 Voss
Telefon: 56 52 99 00
Telefax: 56 52 99 01
E-post: ihm@ihm.no
Heimeside: www.ihm.no



Indre Hordaland Miljøverk

er eit interkommunalt avfallsselskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss.

Redaksjonskomité:

Kåre Flatlandsmo, dagleg leiar
Helen K. Søybe, kontorleiar
Gunnar Bråten, driftsleiar
Tilla Ruud, leiar info og miljø (vikar)

Leiaren

Ikkje dyrt!

Ei brukarundersøking vart utført tidlegare i år med det formålet å få fram kva brukarane syns om IHM sine tenester.

Best skorar IHM på korleis brukarane vert tekne imot når dei vender seg til IHM og korleis renovatorane utfører arbeidet sitt når dei er ute og hentar avfall. Me vart også positivt overraska over at så mange som 94% seier at dei les informasjonsbladet IHM-info. I den andre enden av skalaen meiner eit fleirtal at IHM sine tenester er dyre. Her må me ha gjort ein dårleg informasjonsjobb. Målt etter det gebyret som flest hushald i ein kommune betalar, er det berre ein kommune i Hordaland fylke som har lågare renovasjonsgebyr enn IHM-kommunane. Me har difor tatt med tabellen over renovasjonsgebyra i Hordalandskommunane til høgre. Tala gjeld for 2004.

Eit av dei store prosjekta då IHM vart etablert for over ti år sidan var m.a. å skaffe vossingane eit anstendig renovasjonsgebyr. I Hardanger gjekk ikkje bølgen så høgt. Me hugsar korleis lokale media den gong fråtsa i overskrifter om eit renovasjonsgebyr som låg i landstoppen. Men det er historie no, og godt er det.

Kåre Flatlandsmo

kaare@ihm.no



Kast ikkje kva som helst i vasken eller toalettet!

Visste du at ein liten oljeskvett er nok til å øydelegge 1000 liter drikkevatt? Visste du og at whitespirit-skvetten du brukar for å reingjere målingskostane med, er farleg avfall?

Hell dette over på ei flaske, som du merkar med innhaldet, og lever dette og andre typar løsemiddel, målingsrestar, lakk, sprøytemiddel og liknande ved ein av miljøstasjonane til IHM. Då vert avfallet tatt hand om på ein forsvarleg måte i staden for at det forureinar jord, vassdrag eller fjordar, og dermed kan ende på eige matfat.

Det er viktig at legemiddel, som gamle tablettar, antibiotika og hormonell prevensjonsmiddel og liknande ikkje vert kasta i boset, toalettet eller i vasken. Dette skal leverast til apotek slik at det ikkje vert til skade for fisk og anna dyreliv. IHM oppmodar og om å bruke miljøvenlege reingjeringsmiddel. Sjå etter miljømerke på flaska!

tilla@ihm.no

Renovasjonsgebyr i kommunane i Hordaland 2004

Statistisk Sentralbyrå sin definisjon: Det gebyret som flest hushald i kommunen betalar.

Tal i kroner, inkl. mva

Kommune	Gebyr
Sveio	2643
Tysnes	2564
Kvam	2531
Lindås	2436
Meland	2436
Fedje	2436
Modalen	2436
Radøy	2436
Masfjorden	2436
Austrheim	2436
Vaksdal	2375
Kvinnherad	2299
Austevoll	2299
Askøy	2251
Bømlo	2215
Osterøy	2186
Odda	2176
Samnanger	2145
Bergen	2135
Etne	2129
Stord	2124
Fitjar	2105
Fjell	2105
Os	2096
Fusa	2071
Sund	2071
Eidfjord	1694
Granvin	1694
Jondal	1694
Ullensvang	1694
Ulvik	1694
Voss	1694
Øygarden	1612



Haustbilete frå Vangsvatnet.

Foto: Svein Ulvund

Hege og Hektor - kampen mot miljøsvina

Eit nytt PC-spel for born er utgjeve av Loop, Returkartong og Resirk.

Miljøsvina har tatt full kontroll over parken og Viktor Vaktmester treng di hjelp! Miljøsvina har stengt Viktor inne i Huset. For å kome dit, må du fyrst kjempe mot miljøsvina og samstundes samle inn fem nyklar. Uten nykel kjem du ikkje inn i Huset.

Spellet finn du på:
www.loop.no/spill/



Ikkje brenn drikkekartongane...

I Noreg vert fleire hundre millionar kartongar brent i peisar og omnar kvart år. Ifølgje ei brukarundersøking utført blant IHM sine kundar kjeldesorterer 61 % drikkekartong, medan heile 94 % kjeldesorterer papir. IHM vonar no at endå fleire vert med på å kjeldesortere drikkekartongane sine.

Drikkekartongar med plast-, aluminiumsbelegg, plastkork eller lok kan og leverast. Ein plastpose fylt med skylte, tørka og bretta kartongar skal leggjast på toppen av papiret i papirdunken med blått lok. Plastposen skal ikkje knytast att. Innleverte drikkekartongar vert sendt til Hurum Fabrikker AS. Her vert plast og aluminium skilt frå papiret. Papirfibrane kan brukast som råstoff til nye produkt, medan plast og aluminium vert utnytta til energi.

Å produsere papir frå innsamla kartongar er langt mindre energikrevjande enn å produsere papir frå tre. Drikkekartong er godt eigna til gjenvinning fordi råmaterialet er langfibra og av høg kvalitet. Drikkekartong kan derfor gjenninnast fleire gonger, til dømes først til konvoluttar



og vidare til avisopapir. Vert drikkekartongane kasta i restavfallet og hamnar på deponi, kan det føre til produksjon av klimagassen metan, og det tek fleire år før kartongane er nedbrotne.

Drikkekartongar bør ikkje brennast i vedovnen. Det er lite effektivt som varmekjelde, det er forureinande og kan i verste fall auke risikoen for pipebrann. Å brenne kartong gjev meir oske enn bruk av ved. Sveveoske fra papp, papir og kartong kan ta med seg ein gneiste opp i pipa og antenne sot som alt ligg der. Dette kan starte ein pipebrann. Drikkekartong bør leverast til gjenvinning. Det er både sikrare og meir miljøvenleg.

Papirullar frå Hurum Fabrikker AS som er laga av innleverte drikkekartongar.



....ver med i returkartonglotteriet i staden!

Alle som leverer inn drikkekartongar kan vere med i trekninga av pengepremiar: Privatpersonar eller organisasjonar, skular, barnehager, idrettslag etc. Kvart år vert det delt ut premiar for til saman 2 millionar kroner, fordelt på 160 premiar på kr. 10.000 og 4 premiar på kr. 100.000.




RETURKARTONG

Kork og lok kan sitje på. Skyl og tørk kartongane. Brett seks kartongar og putt dei i den sjuande. Dersom toppen av kartongen heng litt utanfor kubben ein samler kartongane i, er det plass til like mange kartongar med kork som utan. Skriv namn og telefonnummer på den du vil skal vinne på «kubben». Hugs å ha dei i ein plastpose og legg plastposen på toppen i papirdunk med blått lok.

For skulemjølk kartongar skal kubben ha minst fire bretta kartongar lagt ned i ein femte. Plastposar med namn og telefonnummer, fylt med drikkekartongar av typen Tetra Top Midi, gjeld og som ein drikkekartongkubbe. Liste over vinnarar kan du sjå på Returkartong si heimeside www.returkartong.no eller du kan ringje Returkartong på tlf. 22 12 15 40.

tilla@ihm.no



Viktig å nytte resirkulert papir

Då er ein med på å bidra til ei bærekraftig utnytting av ressursane. Ved gjenvinning av avfall unngår ein bruk av jomfruelege ressursar, men kretsløpet kan ikkje stogga der! Ein må og vere medviten på å kjøpe produkt som er laga av gjenvunne materiale.



I dag har resirkulert papir tilsvarende kvalitet som papir av nye fiber. Grunnen til at papiret av og til er litt meir grå i fargen, er at det ikkje er brukt unødvendig med kjemikaliar for å få det heilt krittkvitt.

Spør etter resirkulert papir neste gong du er i bokhandelen og skal ha konvoluttar, kort og skrivepapir! tilla@ihm.no

Hippopotamus har ulike produkt laga av resirkulert papir

Interessert i å vite meir?

Du får vite meir om Indre Hordaland Miljøverk og avfallshandsaming i regionen ved å gå inn på heimesida www.ihm.no. På heimesida finn du til dømes opningstider, prisar, årsmeldingar, Loop avfallsvegvisar og anna nyttig informasjon om containerutleige, farleg avfall, deponigass og korleis få nye sekkar til plastemballasje.



Full restavfallsdunk?

Får du ein gong meir restavfall enn du har plass til i dunken, kan du kjøpe merka sekker som du kan fylle med bos og setje ved sida av dunken ved henting. Desse kostar kr 34,-, og du får kjøpt dei på miljøstasjonane, på kundetorga i kommunane eller ved å vende deg til IHM. Ikkje set ut umerka sekker. Dei vert ikkje henta!

Merk: Opningstider

Bjørkemoens avfalls- og gjenvinningsanlegg på Voss

Mån. – ons., fre.: 8.00-15.30
Torsdag: 08.00 – 18.00



Tøybleier

- ei god sak både for barnet, miljøet og pengeboka!

- Stumpen får luft, noko som hindrar utslett og sår stump.
- Eingongsbleier kan innehalde tungt nedbrytbare stoff og eignar seg ikkje til gjenvinning eller kompostering. Kvart barn som nyttar eingongsbleier produserer over 1 tonn med restavfall. Når ein i tillegg tenkjer på transporten av desse bleiene, er det ikkje i tvil om at tøybleier er eit meir miljøvenleg alternativ, sjølv om du må bruke vaskemiddel og vaskemaskina oftare.
- Tøybleier til eit barn kjem på mellom 1.200 og 2.500 kroner. Eingongsbleier kan kome på 10.000 kroner. Tøybleier kan nyttast av flere barn og dei kan få nye liv som klutar til slutt.

Du kan få 500 kr i støtte om du bur i IHM-regionen og barnet ditt nyttar tøybleier framfor eingongsbleier. Spar på kvitteringa og ta kontakt for å få søknadsskjema om støtte.



Illustrasjon: Solveig Anderssen, IBOX AS

Gamle klede og sko

Har du klede eller sko som du har gått lei eller som ikkje passar lenger? Kanskje det er nokon andre som vil bruke dei! Familie, vener, naboar? Eller kanskje du kan gje dei til ein loppemarknad?

Brukande klede og sko kan du gje til Bytebua (Stranda-vegen) eller til Fretex (Palmafossen) på Voss. Dei kan og leverast på ein av miljøstasjonane til IHM. Klede som kjem inn på miljøstasjonane vart levert til UFF (U-hjelp til Folk fra Folk) eller til Fretex.



Postkassa full av reklame?

Er du lei all reklamen som dumpar ned i postkassa di heime eller på hytta, og som hamnar i papirdunken med ein gong? Dette er sløsing med papir og transport. No kan du seie stopp samstundes som du gjer ein innsats for miljøet.

Det held med eit klistremerke på postkassa for å reservere seg mot uadressert reklame. Slikt klistremerke kan du få hos IHM.



Illustrasjon: Solveig Anderssen, IBOX AS

Indre Hordaland Miljøverk arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming i desse kommunane



EIDFJORD KOMMUNE



GRANVIN HERAD



JONDAL KOMMUNE



ULLESVANG HERAD



ULVIK HERAD



VOSS KOMMUNE